

## Årsmelding for Fjærland sokneråd 2013

Soknerådet har vore samansett slik:

Hanne Haugen, leiar

Nils Skeide , nestleiar

Marit Lunde Mundal, kasserar

Sølvi Sæterdal Mundal, skrivar

Vivian Fodnes

Sverre Tufte Mundal og

sokneprest Kjell Sæter.

1. vara Hans Haugen har møtt på fleire møter.

Marit er soknerådet sitt medlem i diakoniutvalet og leiar i fellesrådet for Sogndal og Leikanger. Tordis Reinen og Berit Orheim har vore vara i diakoniutvalet. Hanne er soknerådet sitt medlem i trusopplæringsnemnda. Alvhild Fodnes er bladkontakt.

Soknerådet har hatt 6 møter og behandla 30 saker.

I 2012 hadde me 20 gudstenester, derav 1 eiga dåpsgudsteneste , 1 skulegudstenete og 3 familiegudstenester.

Familiegudstenesta i februar var diverre den siste som vert arrangert i samarbeid med skulen. Frå 2014 vil me difor samarbeide meir med barnemisjonen inn mot familiegudstenestene. Men julekonsert arrangerar me framleis i samarbeid med skulen og andre musikalske krefter i bygda. I 2013, som året før, hadde Knut, Sølvi og Torbjørn ansvar for å sy saman eit program og meistra det til fulle.

Kyrkjekaffi er alltid populært, likevel gjer me litt endringar på gamle skikkar der og. I 2013 bytta me ut kringler og sjokoladekaker med pizza då me inviterte konfirmantane, familieane deira og kyrkjelyden på samkome etter samtalegudstenesta. Det slo i våre auge så godt an at det held me fram med også i år. Sjølv sagt kutta me ikkje ut skikken med å spandere marsipankake, men gjer begge deler denne dagen. Tidlegare har det vore praksis at ein har hatt kyrkjekaffi når nokon, t.d. born, har vore særskilt inviterte. Ved fleire høve har det passa dårleg fordi folk skal på andre arrangement seinare på dagen, så då har me kutta det ut. Det sjetde m.a i haust då 4-åringane skulle få bok. Då fekk dei heller litt saft og bollar då dei møttest til samling for å øve til gudstenesta dagen før. Men me har ikkje berre kutta ut, me har og putta inn. I haust putta me inn eit felles kveldsmåltid etter ei kveldsgudstenete, der me strengt tatt ikkje rekna med at det ville koma så mange. Me sat over 20 til bords den kvelden og koste oss stort. Så dette vil me og prøve fleire gonger.

I 2013 var det og slik at blomegudstenesta fall på jonsokafta. Då arrangerte me jonsoktog frå kyrkja til hotel Mundal der hotellet spanderte bollar og saft på ungane og kaffi på dei vaksne.

Konfirmasjonsdagen var ei storhending her i Fjærland, då heile 8 konfirmantar tok

imot velsigninga. 2 av dei var rett nok gjester, men også 6 konfirmantar er mykje i Fjærland. Og som om ikkje det var nok, vart 2 born borte til dåp same dag, den eine i eiga dåpsgudsteneste etter konfirmasjonsgudstenesta. Det gjorde me fordi me var redde for at det ville bli fullt i kyrkja, noko det også vart. Også 4 andre born vart døypte i 2013. 3 av borna bur i bygda. I løpet av sommaren var det også 4 vigslar her i kyrkja. I tillegg har kyrkja vore lånt vekk til samkomer med andakt ved 3 høve og leigd ut til konsertar like mange gonger. Den største av dei var konserten med Sigrid Moldestad i august.

Kyrkja har vore open for gjester i bokbyen sine opningstider kvar dag frå mai og ut september.

Offergåver har i 2013 gått til kyrkjelydsarbeidet, Lyngmo, IKO, Bibelselskapet, Sjømannskirken, Norsk luthersk misjonssamband, Normisjonen, Kirkens bymisjon og Det norske misjonsselskap. I tillegg deltok konfirmantane med foreldre i Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon.

Offergåvene til kyrkjelydsarbeidet har delvis vorte nytta til innkjøp av 40 nye salmebøker slik det vart vedteke på soknemøte 10.11.13. Mykje har også vorte nytta i trusopplæringa, m.a. til å støtte barnemisjonen med pengar til materiell og til bøker me deler ut til born i kyrkjelyden.

Som tidlegare, har det vore andakt på stova på busenteret omlag kvar 4. veke, i alt 9 gonger. Målfrid Lidal har sytt for servering på desse samkomene. I tillegg starta me opp med kafe som ein del av det diakonale arbeidet, også det om lag 1 gong pr. mnd, slik at det har falle midt imellom andaktene. Det starta som eit prøveprosjekt på 3 gonger. Det synt seg å vera eit populært tiltak så det har me halde fram med. Her har Bjørg Skeide vore til stor hjelp i tillegg til Marit, Tordis og Berit.

Annakvart år byr me inn til samling for 50- og 51-årskonfirmantar samtidig med at me har presentasjonsgudsteneste. I år var det 2 «store» kull som samlast til festmiddag på Fjærland Fjordstova etter fyrst å ha delt litt minne med kyrkjelyden i gudstenesta. Attendemeldingane frå dei påmelde var gode.

Eldrefesten, eller haustfesten for dei over 70, som me har i oktober kvart år, hadde me sjølv ansvar for dette året. Me måtte difor leggja den til skuleferien sin haustferie for å få nok hender til smørjing og servering. På haustefesten vitja nyeprosten, Kjetil Netland oss, slik at me kunne verta betre kjende med han.

Fjærland 12/3 13

Hanne Haugen